



Teaterdrift Bergen AS

Dato: 22.10.2014

Vår ref.: 2014/19336-11

Saksbehandlar: oivbjor

Dykkar ref.:

## Underretting om vedtak i klagesak - Teaterdrift Bergen AS

### Innleiing

Vi viser til dykker klage av 30.06.2014, på Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak om avslag på søknad om ekstraordinært driftstilskot.

Kultur- og ressursutvalet handsama klagesaka i møte den 21.10.2014 og gjorde vedtak om å tildele kr. 200.000,- til drifta av Cornerteateret.

### Grunngjeving

Kultur- og ressursutvalet visar til fylkesrådmannen si grunngjeving slik den var formulert i saksframlegg til møte i Kultur- og ressursutvalet den 03 og 04.06.2014, og sluttar seg til denne.

*Det er vurdert som viktig at dette teaterhuset ikkje må legge ned drifta etter kort tid. Cornerteateret dekker eit behov både for teateraktivitetar for barn og unge, og ikkje minst for det frie, profesjonelle scenekunstmiljøet. Fylkesrådmannen ser dette huset som av regional betydning for begge desse miljøa, og ser det nyskapande i og potensialet i at både profesjonelle og amatørar/barn og unge held til i same hus. Det har lenge vore mangel på lokale for dei frie scenekunstgruppene i Bergen, og Cornerteateret tilbyr no både prøvelokale og arena for framsyning, noko som er essensielt for at det også kan produserast ny scenekunst i fylket og at det frie scenekunstmiljøet kan utviklast. Det er ei fylkeskommunal prioritering å støtte å legge til rette for infrastruktur på kunstfeltet. Denne søknaden er for inneverande år, og det ligg også føre ein driftssøknad for 2015 frå Teaterdrift AS som må takast stilling til i budsjettettsamanhang. Det å gå inn med dei no omsøkte krisemidlane vil legge ei føring på korleis ein tek stilling til vidare driftsstøtte til Cornerteateret, og på grunnlag av det overståande stiller fylkesrådmannen seg positiv også til vidare driftstøtte.*

*Det tilrådast ei støtte på 200 000 kroner*

Vedlagt følgjer kopi av saksframlegg og vedtak i sak om tildeling og i sak om klage. Desse kan også kan finnast på Hordaland fylkeskommune si heimeside [www.hordaland.no/kultur](http://www.hordaland.no/kultur)

### Utbetalung

Tilskott vil bli utbetaljt dykker konto. Dersom kontonummer ikkje er oppgitt ber vi om at dette vert sendt per e-post til Tone Stedal Haugland [Tone.Stedal.Haugland@hfk.no](mailto:Tone.Stedal.Haugland@hfk.no)

Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetaljt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetaljt tilskott skal betalast attende snarast.

### Vilkår for tilskottet

Det er ein føresetnad for tildelinga:

- at midlane vert nytta til drifta av Cornerteateret som skildra i søknaden.
- at krav til god økonomiforvaltning , kontroll og rapportering vert oppfylde,

- at tilskotsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma.
- Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.
- gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast a Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

### Rapportering /rekneskap

Årsmelding og årsrekneskap vert å senda kultur- og idrettsavdelinga så snart dette ligg føre og seinast innan 1 mai året etter at tilskotet er motteke. At rapportering er gjennomført vil mellom annan vera eit vesentleg omsyn ved vurderinga av eventuelle seinare søknadar.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegnet. Tilskotsmottakar plikter å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor opplysningar/dokument som dei finn påkrevd for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

### Brot på vilkåra

Dersom det ligg føre vesentlege brot på vilkåra kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over og årsaka til at det vert klaga.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Med vennleg helsing

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B. Skaar  
seksjonsleiar/utviklingssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*